



Bruk nr. 5 ligg vakkert til med god sikt mot Stord og skipsleia Langenuen

Saman med Ellen Schwenke og Reidar Myklebust i seglbåten Vilja 4 gjorde uskedalen.no i helga strandhogg på Huglo. Med Magne Huglen som omvisar og kjentmann vart vi tekne godt hand om og synt rundt på heile øya.

Vi var innom fleire tun på Sørhuglo. Røssbø, Tveit, Brandvik, Haukanes og Nordhuglo. Målet var å sjå plassen der Anna og Wilhelm Bjelland budde og også få helsa på borna deira - Åsgeir, Vigliv og Venche.

Det vart eit vellukka møte med folk og kulturliv på den vakre og grøderike øya mellom Langenuen og Laukhammarsund, med knappe 100 fastbuande, mange hytter, nedlagd skule, Huglabutikken, ferjeplassen på Nordhuglo, veldrivne gardsbruk, og eit triveleg og inkluderande folkeslag.

Vi minnst godt Wilhelm Bjelland, fire år formann i Uskedal ungdomslag i åra fram mot 1940, aktiv bladstyrar i det handskrivne lagsbladet Daltrekk, men i dag mest kjend for uskedalssongen Eg veit ein fredsam fager dal, mi kjære heimbygd Uskedal, og ikkje minst som eigar av det som vart Stemneplassen.

Bjelland kom frå småbruket Under Eikjo i Skårhaug. Huset brann, og det vart bygd nytt hus nede ved riksvegen. I 1957 kjøpte Anna og Wilhelm bruknr. 5 på Sørhuglo og flytta dit. Wilhelm var ofte heime i Uskedalen og tok del i lagsarbeidet med dikt og opplesing.

Vi kjem att med meir stoff frå Huglo seinare.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Ola Matti Mathisen



Vi gjorde strandhogg på Huglo med Vilja 4 frå Uskedalen.